

Forskrift om velferd for storfe, svin, sau og geit

Heimel: Fastsett av Landbruks- og matdepartementet (dato) med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 97 om dyrevelferd § 6, § 7, § 8, § 9, § 23, § 24, § 25 og § 38, jf. delegeringsvedtak 11. juni 2010 nr. 814, og lov 15. juni 2001 nr. 75 om veterinærer og annet dyrehelsepersonell § 19

EØS-tilvisingar: EØS-avtalen vedlegg I kap. I punkt 9.1 nr. 6 (direktiv 98/58/EF), nr. 11 (direktiv 2008/120/EF) og nr. 12 (direktiv 2008/119/EF)

Kapittel I. Innleiande reglar

§ 1 Formålet med forskrifta

Forskrifta skal fremme god velferd og respekt for storfe, svin, sau og geit. ~~Forskrifta skal medverke til at dyrehaldarar og andre tar omsyn til eigenverdien og dei naturlege behova til desse dyra.~~

§ 2 Kva og for kven forskrifta gjeld

Forskrifta gjeld hald av storfe, svin, sau og geit. Forskrifta gjeld ikkje hald av svin som kjæledyr.

Forskrifta gjeld for dyreeigarar, andre dyrehaldarar og øvrige personar, verksemder og organisasjonar som deltar i drifta av eit dyrehald eller i andre aktivitetar med dyr.

Kapitla II, III og IV gjeld alle dyreslaga som er omfatta av forskrifta. I kapitla V, VI og VIII er det unntak og tilleggskrav for dei ulike dyreslaga og kategoriar av dyr innan kvar art.

Krava til bygningar med opphaldsrom for dyr gjeld i tillegg til anna offentleg regelverk om bygningar, men gjer ikkje unntak frå slikt regelverk.

§ 3 Definisjonar

I denne forskrifta tyder:

- a) *dyrehaldaren*: dyreeigaren og personen som eventuelt og til ei kvar tid representerer dyreeigaren i den daglege drifta av dyrehaldet
- b) *næringsretta dyrehald*: hald av storfe, svin, sau og geit i verksemder som mottar produksjonstilskot eller har plikt til å betale meirverdiavgift
- c) *fritt areal*: dei områda i opphaldsrommet kor dyra kan gå utan å bli hindra av innreiing, innretningar eller utstyr
- d) *normal beiteperiode*: del av året da beiteplantene i området er i vekst eller er næringsrike
- e) *storfe*: dyr av arten *Bos taurus*
- f) *ku*: storfe av hokjønn som har født
- g) *kvige*: storfe av hokjønn som er 6 månader eller eldre, og som ennå ikkje har født for første gong
- h) *kalv*: storfe som er yngre enn 6 månader
- i) *okse*: storfe av hannkjønn som er 6 månader eller eldre
- j) *svin og gris*: dyr av familien Suidae, omfattar òg villsvin og krysningar med villsvin
- k) *purke*: svin av hokjønn som har født
- l) *ungpurke*: kjønnsмоge svin av hokjønn som primært blir halde for avl, og som ennå ikkje har født eit første kull
- m) *spedgris*: grisunge som ikkje er avvent
- n) *smågris*: avvent grisunge som er yngre enn 70 dagar
- o) *slaktegris*: svin som er 70 dagar eller eldre, og som primært blir halde for slakt
- p) *avlsggris*: svin som er 70 dagar eller eldre, som ikkje er kjønnsмоge, og som primært blir halde for avl
- q) *råne*: ukastret og kjønnsмоge svin av hannkjønn som primært blir halde for avl
- r) *sau*: dyr av artane *Ovis aries* og *Ovis orientalis*
- s) *lam*: sau som er yngre enn 6 månader
- t) *geit*: dyr av underarten *Capra aegagrus hircus*
- u) *kje*: geit som er yngre enn 6 månader

Kapittel II. Generelle reglar

§ 4 Grunnleggande krav

Dyrehaldaren skal sørge for at dyra har god velferd og blir haldne i samsvar med denne forskrifta. Dyrehaldaren skal overvake, vurdere og følgje opp alle teikn på at dyra har eller kan få dårleg velferd. Alle som deltar i den daglege drifta av dyrehaldet, skal ta omsyn til eigenverdien og dei naturlege behova til dyra.

Dyra skal vernast mot fare for unødvendig smerte, stress, frykt, sjukdom, skade, svolt, tørst og andre påkjenningar.

Dyretalet skal vere tilpassa

- a) storleiken på opphaldsrom og uteområde
- b) mengda av fôr og andre ressursar
- c) talet på personar som steller dyra
- d) kompetansen til dyrehaldaren.

§ 5 Melding om dyrehald

Dyreeigaren skal sørge for at Mattilsynet så snart som mogleg får melding om dyrehaldet med nødvendige opplysningar om

- a) dyreartane i dyrehaldet
- b) talet på dyr av ulike slag i dyrehaldet
- c) driftsforma
- d) bygningar, opphaldsrom og uteområde for dyra
- e) korleis dyra er oppstalla
- f) kven som er den driftsansvarlege dyrehaldaren
- g) vesentlege endringar av det som er nemnt i bokstavane a til f, og andre vesentlege endringar av dyrehaldet.

§ 6 Personell og kompetanse

Dyrehaldaren skal sørge for at tilstrekkeleg mange kompetente personar deltar i drifta av dyrehaldet.

Dyrehaldaren skal ha oppdaterte kunnskapar om dyrevelferd. Alle som deltar i den daglege drifta av dyrehaldet, skal kunne handtere og stille dyra på ein måte som sikrar god velferd. Dei skal også kunne kjenne att teikn på at dyr er sjuke, skada, underfôra eller utsette for andre påkjenningar.

Dyrehaldarar som utfører den daglege drifta av næringsretta dyrehald, skal innan (dato) ha gjennomført dokumentert utdanning eller kurs i dyrevelferd. Nye dyrehaldarar skal ha gjennomført slik opplæring i løpet av det første året som dyrehaldar. Opplæringa skal gi dyrehaldarane nødvendig kunnskap om

- a) dei fysiologiske og mentale behova til dyrearten
- b) kva driftsforma har å seie for dyrevelferda
- c) regelverket om dyrevelferd
- d) samanhengen mellom levemiljø, dyrevelferd og dyrehelse
- e) teikn på god og dårleg dyrevelferd
- f) velferdsplan.

Kravet om utdanning eller kurs gjeld ikkje

- a) dyrehaldarar som kan dokumentere kompetanse som nevnt i tredje ledd bokstavane a til f på agronomnivå eller høgare
- b) personar som steller dyra i staden for dyrehaldaren i samband med ferie, sjukdom eller andre kortvarige fråver.

§ 7 Velferdsplan

Dyrehaldarar i næringsretta dyrehald skal ha ein oppdatert velferdsplan som er tilpassa driftsforma, storleiken på dyrehaldet og farane for dårleg dyrevelferd.

Velferdsplanen skal innehalde planteikningar av bygningar med dyr, kart over uteområde for dyr og skriftlege rutinar for drifta av dyrehaldet. Planteikninga og forklaringar av planteikninga skal vise

- a) korleis dyra er oppstalla
- b) kva slags golv og underlag dyra står og ligg på
- c) korleis personar og dyr kan komme seg inn og ut av bygningar i nødsituasjonar
- d) kvar brannsløkkingsutstyret er plassert.

Dei skriftlege rutinane i velferdsplanen skal sikre at alle dyra kan ha god velferd alle stader gjennom heile året. Rutinane skal gjere særleg greie for når og korleis

- a) dyra blir fôra og får vatn
- b) dyra og opphaldsromma haldast reine
- c) dyrehaldaren førebygger sjukdom, skade og parasittar
- d) dyra blir tatt hand om når dei er sjuke, skadde eller svake, føder eller viser teikn på dårleg velferd, eller når dyra er i stor fare for alvorlege påkjenningar i utmarka
- e) dyr blir kasterte, avhorna eller avliva
- f) klauvene på dyra blir undersøkte
- g) storfe, sau og geit får mosjonere og beite
- h) dyra blir sikra eit stabilt og godt klima
- i) dyra blir verna mot skadelege gassar frå gjødselkjellaren når gjødsla blir rørt om eller pumpa ut

j) dyra blir tatt vare på i tilfelle dyrehaldaren ikkje sjølv kan ta vare på dyra.

Rutinane skal også gjere greie for korleis dyrehaldaren hindrar og handterer brann i bygningar med dyr. Ei teikning som viser rømmingsvegane og brannsløkkingsutstyret, skal henge godt synleg utanfor bygningen.

Dyrehaldaren skal kjenne og følge rutinane og sikre at tilsette og avløyssarar gjer det same.

§ 8 Velferdsdokumentasjon

Dyrehaldarar i næringsretta dyrehald skal fortløpande ~~og på passende måte~~ skrive ned når

- a) utstyr og innretningar som påverkar dyrevelferda, blir kontrollerte
- b) det elektriske anlegget blir vedlikehalde og kontrollert
- c) alarmsystem blir testa
- d) dyr blir kasterte eller avhorna, og kor gamle dyra var da inngrepa vart gjort
- e) storfe, sau og geit blir sleppte på beite og tatt inn frå beite
- f) dyr i utmark blir ført tilsyn med
- g) tiltak blir gjort i samsvar med rutinane for hald av sau og geit etter § 48
- h) automatisk utstyr blir tatt i bruk for å gje spedgrisar mjølk
- i) purker blir fikserte og sleppte laus igjen
- j) ein veterinær har vurdert velferda for slaktegris etter § 44.

Dyrehaldaren skal også skrive ned korleis kontrollane etter første ledd bokstavane a, b og c blir følgde opp når det blir funne feil.

Dyrehaldaren skal skrive ned ~~opplysningar om~~

- a) namn og dyrehelsepersonellnummer til veterinærar som har kastert eller avhorna dyr i dyrehaldet
- b) kva for legemiddel som er brukt til å bedøve og smertebehandle dyr som blir kasterte eller avhorna
- c) andre nødvendige opplysningar om helse, behandling, avliving og tap av dyr i samsvar med dyrehelseforskrifta.

Mattilsynet kan fatte enkeltvedtak om at dyrehaldaren skal skrive ned opplysningar om andre forhold som er viktige for velferda til dyra.

Dyrehaldaren skal oppbevare eller ha tilgang til kvar opplysning i minst tre år. Dyrehaldaren skal legge fram velferdsplanen og -dokumentasjonen når Mattilsynet ber om det.

§ 9 Avl

Avlen skal føre til friske og robuste dyr som er genetisk rusta til å oppnå god velferd. Rasen og dyrearten skal gjennom avlen utvikle seg til beste for dyra.

Avlsdyr skal vere friske og funksjonsdyktige. Kjente berarar av arvelege sjukdommar og misdanningar skal ikkje brukast i avl.

Dyr skal ikkje bli para, inseminert eller reprodusert på anna vis dersom metoden eller fødselen vil sette dyra i fare for unødvendige påkjenningar.

§ 10 Tamme dyr

Dyra skal vere så tamme at dei kan handterast og stellast i samsvar med regelverket utan å bli påført unødvendige påkjenningar.

Kapittel III. Generelle reglar om levemiljøet til dyra

§ 11 Fri rørsle og sosial kontakt

Kvart dyr skal kunne røre seg fritt i opphaldsrommet eller på uteområdet slik at dyret blant anna kan snu seg rundt og utøve naturleg åtferd.

Kvart dyr skal kunne ha sosial kontakt med andre dyr i dyrehaldet.

Krava i første og andre ledd gjeld så langt ikkje noko anna er fastsett i forskrifta.

§ 12 Bygningar og opphaldsrom med dyr

Dyrehaldaren skal halde dyra i eit eigna og trygt opphaldsrom eller på uteområde med tilgang til eit slikt rom. Dette gjeld ikkje storfe, sau og geit i den normale beiteperioden. Det gjeld heller ikkje hald av sau og geit på uteområde i samsvar med i § 48.

Bygningar og opphaldsrom med dyr skal ha tett tak og vindtette vegger som skjermer dyra frå minst 3 hovudretningar. Dyra skal kunne skjermast også frå den fjerde hovudretninga dersom det er nødvendig. Bygningane og opphaldsromma skal vere bygde, utforma, innreidde, utstyrte, vedlikehaldne og sikra slik at

- kvart dyr lett kan få nødvendig tilsyn og stell
- dyra kan stelle seg sjølve, halde seg og avkomet reine, trivast og kjenne seg trygge
- dyra ikkje lett kan skadast eller påføre seg sjølv eller andre dyr skade
- det er lett mogleg å oppfylle krava om reingjering og desinfeksjon
- dyra ikkje blir unødvendig hindra i å røre seg og ha sosial kontakt
- dyra kan samlast og lett førast inn i og ut av bygningen ~~med minst mogleg påkjenning~~.

Opphaldsrom med dyr skal ha minst to utgangar til andre rom, gangar eller direkte ut av bygningen. Rom, gangar og utgangar skal vere plasserte, utforma og rydda slik at dyr i nødsituasjonar kan kome seg raskt og sikkert ut av bygningen i ulike retningar. I nødsituasjonar skal personell kunne kome seg raskt inn i bygningen for å slukke brann og evakuere eller avlive dyr.

Dyr skal ikkje oppstallast over kvarandre i same opphaldsrom.

§ 13 Utstyr og innretningar

Utstyr og innretningar skal vere utforma og vedlikehaldne slik at dyra ikkje blir utsette for unødvendige påkjenningar.

Utstyr og innretningar som brukast til å gi dyra fôr og vatn, skal vere utforma, framstille og installerte slik at

- alle dyra kan ete samtidig, har fri tilgang på fôr eller fôrast individuelt ved hjelp av automatisk fôringsutstyr som er tilpassa behovet til dyra
- alle dyra lett får drikke
- skadeleg konkurranse mellom dyra blir motverka
- fôret og vatnet ikkje blir ureint
- alle dyra får normal ete- og drikkestilling.

Automatiske og mekaniske innretningar og utstyr som er nødvendig for å sikre dyra god velferd, skal kontrollerast minst éin gong i døgnet. Feil eller manglar skal straks

utbetrast. Om dette ikkje ~~lar seg gjereer-mogleg~~, skal velferda sikrast ved hjelp av alternative løysingar fram til feilen eller mangelen er utbeta.

Mjølkeanlegg som er i bruk, skal kontrollerast minst ein gong i året av ein sørvisteknikar frå leverandøren av anlegget eller av ein annan person med tilsvarande kompetanse.

Dersom elektrisk straum er nødvendig for å sikre dyra god velferd, skal det vere tilgang på ei alternativ straumkjelde ved straumbrot.

~~Det kan ikkje festast~~ anna utstyr på dyr enn det som er nødvendig for aktiviteten eller av veterinærmedisinske grunnar.

Dyra skal ikkje påførast eller stå i fare for å få elektrisk støyt. Dette gjeld ikkje nødvendig bruk av

- a) godt synlege straumgjerdje
- b) kutrenar i samsvar med § 30
- c) anna utstyr som er dokumentert dyrevelferdsmessig forsvarleg å bruke.

§ 14 Golv og liggeplass

Golv skal ha ei fast, jamn og stabil overflate. Golv skal ikkje vere glatt. I spaltegolv skal breidda på spaltene og spalteplankane vere tilpassa dyra og gi dei ei eigna flate å gå på utan å skade klauvene. Spalteplankane skal vere like breie i heile lengda. Spalteplankar med skader skal ~~snarast straks~~-skiftast ut. Gjødselester skal ha jamn overflate og vere godt sikra mot brot. Rister med lause stenger skal ~~snarast straks~~-skiftast ut eller utbetrast.

Alle dyra skal kunne ligge samtidig på liggeplassen. Liggeplassen skal vere rein, tørr, strødd, trekkfri og ha ein temperatur som er god for dyra. Underlaget på liggeplassen skal vere mjukt for dyra og hindre sår og varmetap. ~~Det skal alltid vere nok strø av eigna type på liggeplassen.~~

§ 15 Omsorgsbingar

Dyreholdaren skal sikre at det alltid er minst 1 omsorgsbinge i dyrehaldet. Talet på omsorgsbingar skal aukast tilstrekkeleg dersom det er er nødvendig på grunn av talet på dyr, driftsforma, fødsjar, helse til dyra eller andre forhold. Omsorgsbingane skal vere lett tilgjengelege, store nok og eigna for dyr som er sjuke, skal føde eller har andre forbigåande behov for å bli skjerma frå andre dyr og få spesielt tilsyn og stell.

Dyr som står saman i omsorgsbingen, skal kunne haldast skilde frå kvarandre. Kravet om fri rørsle og sosial kontakt i § 11 kan fråvikast dersom det er nødvendig av omsyn til helse eller velferda til dyret i omsorgsbingen.

Dyr i uisolerte opphaldsrom skal enkelt kunne bli plasserte i omsorgsbingar som kan varmast opp. Det same gjeld dyr på uteområde med tilgang til opphaldsrom etter § 21.

Kravet om tilgjengelege omsorgsbingar gjeld ikkje for dyr på uteområde i den normale beiteperioden eller ved hald av sau og geit på uteområde i samsvar med i § 48.

§ 16 Brannførebygging

Bygningar og opphaldsrom med dyr skal vere bygde og innreidde slik at det er ~~minst mogleg-liten~~ fare for at brann oppstår og spreier seg. Innretningar, elektriske anlegg og elektrisk utstyr skal vere installert på ein brannsikker måte. Alle vifter skal ha eit innebygd system for å unngå brann på grunn av varmgang.

Branngassar skal ikkje kunne spreiest mellom og til opphaldsrom med dyr gjennom ventilasjonsanlegget. Dette gjeld ikkje ventilasjonsanlegg innanfor ei og same branncelle.

Det elektriske anlegget i bygningen skal installerast og vedlikehaldast i samsvar med standarden til Norsk Elektroteknisk Komite for bygningar i landbruket. Det elektriske anlegget skal kontrollerast av ein fagperson minst kvart tredje år etter standarden til Norsk Elektroteknisk Komite. I bygningar med krav om brannalarmanlegg skal kontrollen omfatte termografi.

Den daglege drifta av dyrehaldet skal gå føre seg på ein brannsikker måte.

Bygningar, opphaldsrom, innretningar, elektriske anlegg og elektrisk utstyr skal vere vedlikehalde og reingjort ~~slik at det er minst mogleg fare for brann.~~

§ 17 Brannalarmanlegg og anna som kan redde dyr frå brann

Bygningar med dyr skal ha brannalarmanlegg. Anlegget skal fungere og oppfyller offentlege krav til slike anlegg. I tillegg til å alarmere på staden skal anlegget sende varsel til personar som raskt kan handle i samsvar med brannrutinane. Anlegget skal testast minst ein gong i månaden.

Kravet om brannalarmanlegg gjeld ikkje dersom det aldri er fleire enn 30 dyreeiningar i bygningen. 1 dyreeining er 1 storfe, 1 ungpurke, 1 råne, 1 sau eldre enn 18 månader eller 1 geit eldre enn 18 månader. 1 purke er 3 dyreeiningar. 1 slaktegris eller avlsgris er 0,5 dyreeining.

Kravet om brannalarmanlegg gjeld heller ikkje i desse tilfella:

- a) Dyra kan til ei kvar tid lett gå ut og inn og kome seg langt nok unna bygningen. Unntaket gjeld sjølv om inntil 30 dyreeiningar i bygningen ikkje oppfyller vilkåra for unntak.
- b) Dyr som elles lett kan gå ut og kome seg langt nok unna bygningen, blir mellombels haldne inne under kontinuerleg tilsyn.
- c) Bygningen er utelukkande av stein, mur, betong eller metall, og det er ikkje noko i bygningen som lett kan ta fyr og skape brann.
- d) Bygningen er unntatt frå kravet om brannalarmanlegg i byggt teknisk forskrift.

Det skal vere mange nok brannslangar eller handsløykeapparat med tilstrekkeleg kapasitet til å kunne slukke tilløp til brann alle stader i bygningen. Utstyret skal vere tydeleg markert i rommet og lett å finne og bruke dersom det brenn. Utstyret skal kontrollerast og vere vedlikehalde slik produsenten tilrår.

Personellet på staden skal snarast varsle brannvesenet om brann. Så langt det er trygt, skal personellet på staden gjere ~~det som er mogeleg for~~ enkle tiltak å slukke tilløp til brann og evakuere dyr som står i fare for å bli skada av brann.

§ 18 Klima i opphaldsrom

Opphaldsrom med dyr skal vere lune og passeleg tørre. For å sikre dyra eit høveleg klima skal opphaldsrommet vere tilstrekkeleg isolert og ventilert. Klimaet skal vere tilpassa dyreslaget, alderen, hårlaget og tilstanden til dyra.

Mengda av støv og gassar i lufta skal ikkje vere skadeleg for dyra. Dyra skal vernast mot gassar frå gjødselkjellaren når blautgjødsla blir rørt om eller pumpa ut.

Dersom opphaldsrommet ikkje er tilstrekkeleg naturleg ventilert, skal det ha

- a) eit mekanisk ventilasjonsanlegg som sikrar tilstrekkeleg luftskifte
- b) manuell nødventilasjon som kan brukast i tillegg til eller i staden for det mekaniske ventilasjonsanlegget
- c) eit fungerande alarmsystem som varslar personar som veit kva som skal gjerast dersom det mekaniske ventilasjonsanlegget sviktar.

Kravet om alarmsystem gjeld berre dersom svikten i systemet kan føre til akutte alvorlege konsekvensar for dyrevelferda. Alarmsystemet skal fungere også ved straumstans. Det skal testast minst 1 gong i månaden slik at feil oppdagast og rettast ~~så raskt som~~ mogleg.

§ 19 Lys

Dyra skal sikrast naturleg døgnrytme. Opphaldsrommet skal vere utforma og utstyrt slik at dyra får direkte dagslys utanfrå. Når dagslyset ikkje dekker behovet til dyra, skal dei ha tilstrekkeleg kunstig lys.

Kvart døgn skal ha ein naturleg mørkeperiode utan anna kunstig lys enn svakt orienteringslys eller varmelamper. Kravet om mørke gjeld ikkje når tilsyn med dyra, arbeidsoppgåver eller andre tilhøve gjer det nødvendig å bruke kunstig lys i avgrensa periodar.

Det skal vere installert tilstrekkeleg kunstig lys i opphaldsrommet til å kunne gjennomføre nødvendig tilsyn og stell av dyra. Lyskjeldene skal vere fastmonterte og plasserte slik at lyset ikkje sjenerer dyra.

§ 20 Støy

Dyra skal ~~vernast mest mogleg frå mot unødvendig~~, varig eller uventa støy. Støyen skal uansett ~~ikkje~~ vere ~~unødvendig høg så låg som mogleg~~ der dyra oppheld seg. Varig støy i opphaldsrom for dyr skal aldri vere høgare enn 65 desibel.

§ 21 Enkle opphaldsrom for dyr på uteområde

- Opphaldsrom for dyr på uteområde utanom den normale beiteperioden skal
- vere så nær fôringsplassen og vere slik plassert og utforma at dyra brukar det
 - ha ein eller fleire opningar som er utforma slik at dyra ikkje lett kan hindre kvarandre i å gå inn og ut
 - gi alle dyra liggeplass samtidig
 - vere drenert og sikra mot at vatn kan renne inn.

Krava om ventilasjonsanlegg og alarmsystem etter § 18 og kunstig lys etter § 19 gjeld ikkje for opphaldsrom etter første ledd.

§ 22 Uteområde for dyr

Uteområde for dyr skal vere eigna slik at dyra kan utfalde seg trygt og naturleg på området. Uteområdet skal vere tilpassa dyrearten, rasen, hårlaget, alderen og helsetilstanden til dyra. Dyrehaldaren skal så langt det er nødvendig og mogleg verne dyra mot rovdyr, giftplanter, flått, insekt, uvêr, trafikk og andre farar ~~i området~~. Uteområde på innmark skal vere frie frå skrot og anna som kan skade dyra.

Dyr på uteområde skal ikkje måtte stå eller ligge i søle. Uteområdet skal om nødvendig vere drenert. Fôringsplassen og andre område som er særleg utsette for å bli opptrakka, skal vere passe tørre og reine. Desse områda skal om nødvendig ha eit eigna dekke av betong, grus eller anna trakkfast materiale. Permanente fôringsplassar skal om nødvendig ha eit overbygg som dekker både fôret og dyra.

Kapittel IV. Generelle reglar om tilsyn og stell

§ 23 Tilsyn med dyr og levemiljø

Dyrehaldaren skal sørge for at dyra, opphaldsromma, uteområda og levemiljøet elles får tilsyn så ofte og grundig som nødvendig for å kunne gi dyra god velferd. Dette tilsynet skal utførast av personar som er fysisk til stades.

Dyr i opphaldsrom eller dyr på uteområde med tilgang til opphaldsrom utanom den normale beitesesongen skal ha tilsyn minst 2 gonger i døgnet.

Dyr på innmark i den normale beitesesongen skal ha tilsyn minst 1 gong i døgnet.

Dyr i utmark i den normale beitesesongen skal ha tilsyn minst 1 gong i veka. Det same gjeld ved hald av sau og geit på uteområde i samsvar med § 48. Dersom dyra treng tilleggsfôr eller vatn, skal dei ha tilsyn minst 2 gonger i veka. Dersom det er stor fare for alvorlege påkjenningar i utmarka, skal dyra ha tilsyn så ofte og grundig at dyrehaldaren kan gjere nødvendige tiltak i tidefaren blir minst mogleg.

Dyr som oppfører seg unormalt, og dyr som er nyfødde, sjuke, skadde, høgdrektige eller fødande, skal ha tilsyn oftare enn minstekrava ovanfor.

Dyr på beite i utmark skal hentast heim frå utmarka om hausten i god tid før det er venta varig frost eller snø.

§ 24 Fôr og vatn

Dyra skal ~~fôrast dagleg eller ha fri ha tilstrekkeleg~~ tilgang på fôr eller beiteplanter. Fôringsintervalla og mengda og samansettinga av fôret eller beiteplantene skal dekke behovet til dyra for næring og eteåtferd slik at dei kan vekse normalt, trivast og halde seg friske. ~~Foringa skal også medverke til at dyra trivst~~. Fôret og beiteplantene skal ha god kvalitet og skal ikkje innehalde stoff som kan skade dyra.

Nyfødde dyr skal ~~så raskt som mogleg etter fødselen~~ få i seg ~~nøk~~ råmjølk i så store mengder og så raskt etter fødselen at dei får dekka behovet for immunstoff og næring.

Dyrehaldaren skal alltid ha tilstrekkeleg mengde fôr på eige lager eller lett kunne skaffe det andre stader. Fôret skal lagrast hygienisk forsvarleg. Krafftôr skal lagrast slik at dyra ikkje kan få tak i det.

Dyra skal alltid ha tilgang på tilstrekkeleg med friskt vatn. Vatnet skal vere synleg reint og ha god nok mikrobiologisk og kjemisk kvalitet. ~~og skal ikkje innehalde skadelege stoff.~~ Vatnet skal ha ein slik temperatur og smak og vere så tilgjengeleg at dyra drikk det dei treng. Snø og saltvatn er ikkje å rekne som drikkevatt til dyr.

Dersom dyr på uteområde ikkje finn nok beiteplanter og vatn i naturen, skal dyra få nødvendig tilleggsfôr og vatn ~~i så store mengder og så lenge som nødvendig.~~

Ingen dyr skal få fôr eller vatn med tvang dersom det ikkje er nødvendig av omsyn til helse eller velferda til dyret.

§ 25 *Stell, reinhald og rydding*

Dyra skal stellast godt og regelmessig og haldast reine. Dyra skal klippast om det er behov for det.

Opphaldsrommet skal haldast reint og ryddig. Innreiing, innretningar og utstyr som dyra kjem i kontakt med, skal reingjerast og desinfiserast ved behov.

Gjødsla skal fjernast frå opphaldsrommet kvar dag. Dette gjeld ikkje dersom golvet er dekt av talle eller djupstrø. Gjødsla skal fjernast og lagrast på ein hygienisk forsvarleg måte.

Førekosten av insekt og skadedyr i opphaldsrommet og fôrlageret skal haldast ~~så~~ låg ~~som mogleg.~~

Klauvene på kvart dyr skal undersøkast med jamne mellomrom. Klauvene skal skjerast så snart det er nødvendig og på ein kyndig måte.

Dyr som produserer mjølk, skal mjølkast eller få amme avkommet så ofte at dei ikkje får unødvendig mjølkespreng.

§ 26 *Handtering, binding og fiksering*

Dyra skal handterast skånsamt. Det skal takast omsyn til åtferden og den fysiologiske tilstanden til dyra. Når dyr skal samlast, skal det takast nødvendige omsyn til rangordninga mellom dyra og om dyra tidlegare har gått i lag.

Dyrehaldaren skal ha eigna innretningar og utstyr for å kunne fikserte dyra. Dyr kan bindast eller fikserast mellombels dersom det er nødvendig for å kunne handtere dei eller utføre andre handlingar i dyrehaldet på ein forsvarleg måte.

§ 27 *Førebygging, behandling, avliving, inngrep og skjerming*

Dyrehaldaren skal førebygge at dyra veks dårleg eller blir sjuke eller skadde.

Sjuke og skadde dyr skal så snart som nødvendig mogleg få forsvarleg behandling. Dersom det kan føre til unødvendig påkjenning for eit dyr å leve vidare, skal det avlivast snarast ~~mogleg~~. Fødande dyr skal få nødvendig og forsvarleg fødselshjelp ~~når det er nødvendig~~. Dyra skal behandlast mot utvendige og innvendige parasittar når det er nødvendig.

Veterinær skal kontaktast når det er nødvendig for å utføre behandlinga, fødselshjelpa eller avlivinga forsvarleg. Dyrehaldaren skal sikre at veterinæren får korrekte og tilstrekkelege opplysningar om dyret, og at personalet oppfattar opplysningar og råd frå veterinæren.

Det skal ikkje gjerast inngrep på dyr utan at det ifølge veterinæren er nødvendig for å utgreie, avverje eller behandle sjukdom eller skade hos dyret eller andre dyr. Inngrep kan også gjerast dersom vilkåra i § 33, § 45 eller § 53 er oppfylte. Dyret skal bedøvast før inngrepet og få nødvendig smertebehandling etterpå om ikkje noko anna er fastsett i forskrifta. Kompetente personar kan øyremerke dyra i samsvar med merkeforskriftene utan å bedøve dyra.

Sjuke, skadde, fødande, ~~aggressive~~ og svake dyr skal haldast i omsorgsbingar når det er det beste for dyra. Kravet om å bruke omsorgsbinge gjeld ikkje dyr på uteområde i den normale beiteperioden eller ved hald av sau og geit på uteområde i samsvar med i § 48.

Dyra skal uansett skjermast så mykje som nødvendig frå andre dyr. Aggressive dyr skal skiljast så mykje som nødvendig frå andre dyr.

Dyr som utgjer ein fare for å spreie smitte, kan isolerast frå dei andre dyra.

Kapittel V. Spesielle reglar for storfe

§ 28 Opphaldsrom for storfe

Inntil 1. januar 2024 gjeld kravet i § 11 om fri rørsle og kravet i § 25 om stell av seg sjølv ikkje for storfe i båsfjøs som er bygde før 22. april 2004 og har vore i samanhengande bruk til storfe sidan 22. april 2004. Det kan ikkje opprettast nye båsar i båsfjøset.

Kravet om fri rørsle i § 11 og kravet i § 25 om stell av seg sjølv gjeld heller ikkje storfe i båsfjøs

- a) der minst halvparten av dyra er reinrasa og tilhøyrrer bevaringsverdige rasar
- b) på stølar der dyra går på beite minst halve døgn.

Kalvar kan uansett ikkje haldast bundne.

Båsen skal vere utforma slik at dyret kan stå, legge seg, ligge og reise seg på normal måte. Opninga til fôrbrettet eller krybba skal vere så stor at hovudet kan passere utan vanskar. I kortbåsar skal dyret kunne strekke hovudet over fôrbrettet eller krybba både når det ligg og når det reiser seg.

I båsfjøs for mjølkekyr skal det vere bås-skilje mellom minst annakvart dyr.

Kravet om omsorgsbinge etter § 15 gjeld ikkje for storfe på båsfjøs fram til 1. januar 2024. Frå 1. januar 2024 skal det vere minst 1 omsorgsbinge, men talet skal aukast med minst 1 omsorgsbinge for kvart 26. storfe på bås.

Golv et eller underlaget på liggeplassen for kyr skal vere tett i tillegg til å oppfylle krava i § 14. Dette gjeld òg underlaget på liggeplassen for kviger som har mindre enn 2 månader igjen til fødselen.

§ 29 Særskilde krav til opphaldsrom for kalvar

Kalvar kan haldast i enkeltbingar til dei er 42 dagar gamle. Dette gjeld også eldre kalvar dersom det ikkje er andre kalvar i tilnærma same alder i dyrehaldet, eller ein veterinærattest seier at kalven må haldast i eigen binge. Veggane mellom enkeltbingar skal ha opningar som lar kalvane sjå og kome i berøring med andre kalvar når dei står oppreiste. Dette gjeld ikkje omsorgsbingar.

Enkeltbingar skal vere minst så breie som mankehøgda på kalven i ståande stilling, og minst så lange som lengda på kalven målt frå mulespissen til seteknoken bakerst på bekkenet multiplisert med 1,1.

Fellesbingar for kalvar skal ha eit fritt areal for kvar kalv på minst

- a) 1,5 m² for kalvar under 150 kg
- b) 1,8 m² for kalvar mellom 150 og 220 kg
- c) 2,0 m² for kalvar over 220 kg.

Liggeplassen for kalvar skal ha rikeleg med strø eller eit underlag av talle i tillegg til å oppfylle krava til underlaget i § 14. Det skal vere mogleg å gjere liggeplassen varm nok for kalven ved hjelp av varmelampe eller andre varmekjelder.

Kalvar som går saman med to eller fleire ungdyr eller vaksne storfe, skal ha tilgang til kalvegøyeme i opphaldsrommet. Kalvegøyeme skal vere så store at alle kalvane kan skal kunne ligge der samtidig.

§ 30 Kutrenar

Lakterande mjølkekyr på bås kan påførast elektrisk støyt gjennom ein «kutrenar» dersom det er nødvendig for å lære kyrne å gjere frå seg bak båsen. Kutrenar kan ikkje brukast over kyr som

- a) er sjuke, skadde, brunstige eller særleg urolege
- b) nettopp har født
- c) ikkje lar seg dressere av kutrenaren innan rimeleg tid.

Bommen på kutrenaren skal

- a) vere montert minst 50 millimeter over ryggen til kua når ho står og et, og 60 til 80 centimeter bak båsfronten avhengig av type båsfront
- b) vere tilpassa den enkelte kua slik at han ikkje er til unødig plage
- c) henge i stabil, horisontal stilling og ikkje kunne sige eller falle ned
- d) kunne justerast og fjernast frå enkeltkyr utan bruk av verktøy
- e) vere lett å heve samtidig med dei andre bommane på rekka.

Pulsenergien og spenninga skal ikkje vere høgare enn 0,1 joule og 3000 volt. Det skal takast nødvendige forholdsreglar for å unngå utilsikta straumstøyt og krepstraum til kyrne.

Spenningsgivaren for kutrenaren skal ha NEMKO-sertifikat der maksimal pulsenergi og spenning er dokumentert. Spenningsgivaren skal ha ein av- og på-brytar som viser om spenninga er på. Spenningsgivaren skal koplust ut automatisk dersom ei ku får 4 straumstøytar med korte mellomrom. Automatisk utkopling skal varslast med eigen indikator.

Det skal henge oppslag med **lett forståeleg** informasjon om korrekt bruk av kutrenaren på lett synleg stad i opphaldsrommet. Det skal dagleg kontrollerast at kutrenaren oppfyller krava i andre ledd. Krava i fjerde og femte ledd skal kontrollerast av kvalifisert elektriskar kvart tredje år.

§ 31 Mosjon og beite for storfe

Storfe skal haldast på eller ha tilgang til uteområde i til saman minst 56 heile døgn i løpet av den normale beiteperioden. Kyr som blir tatt inn for å mjølkast, kan likevel haldast inne til neste mjølkning. Uteområdet skal i tillegg til å oppfylle § 22 gi dyra høve til å mosjonere og beite.

For storfe i bås fjøs etter 1. januar 2024 skal mosjons- og beitetida vere 112 døgn. Av desse kan 28 døgn vere utanom den normale beiteperioden.

Kravet om at dyra skal kunne beite på uteområdet, gjeld ikkje storfe i fjøs som har vore innreidde for lausdrift sidan før 1. januar 2014, dersom dyrehaldaren ikkje har eller kan skaffe tilgjengelege beiteområde. Dyra skal i staden ha tilgang til eit anna uteområde som oppfyller § 22 og gir dyra høve til å mosjonere. Uteområdet skal gi dyra tilgang på før og vatn eller på annan måte vere innretta slik at alle dyra brukar det.

Reglane i første og tredje ledd gjeld ikkje for ukasterte oksar.

§ 32 Fôring av kalv

Kalvar skal fôrast ofte nok til at dei får god velferd og normal utvikling. Nyfødde kalvar skal få råmjølk etter § 24 andre ledd seinast 6 timar etter fødselen og få mjølk minst 3 gonger dagleg til dei er 42 dagar gamle. Eldre kalvar skal fôrast minst 2 gonger dagleg.

Kalvar skal frå dei er 7 dagar gamle få nok grovfôr til å utvikle drøvtyggarfunksjonen. Fram til dei er 140 dagar gamle skal mengda aukast gradvis frå minst 50 gram tørrstoff til minst 250 gram tørrstoff i døgnet. Kalvar skal ikkje fôrast på ein slik måte at hemoglobinkonsentrasjonen fell under 4,5 millimol per liter blod.

Kalvar som ikkje diar, skal likevel kunne suge i seg mjølka med smokk i naturleg diestilling fram til dei er 42 dagar gamle. Det skal ikkje brukast munnkorg eller anna utstyr som hindrar kalvane i å suge. Kalvar i fellesbingar kan bindast opp inntil ein halv time når dei får mjølk.

§ 33 Inngrep på storfe

I tillegg til inngrep etter § 27 kan veterinærar

- a) fjerne hornanlegg og ekstraspener på storfe fram til dyra er 48 dagar gamle
- b) kastrere storfe av hannkjønn
- c) sette inn ring i nasen på oksar dersom det er nødvendig for å kunne handtere dyret på ein forsvarleg måte.

Kapittel VI. Spesielle regler for svin

§ 34 Opphaldsrom for svin

Liggeplassen for svin skal være klart skild fra gjødselplassen. Underlaget på liggeplassen skal være tett i tillegg til å oppfylle dei andre krava i § 14.

Bingane skal være utforma slik at det kan brukast nok strø på liggeplassen. Ein mindre del av fôrtroa kan være over gjødselplassen.

Dyrehaldaren skal innreie opphaldsromma, gruppere svina og elles gjere det som er nødvendig for å dempe aggresjon ~~så mykje som mogleg~~. Når svin haldast enkeltvis, skal dei kunne sjå, lukte og høyre andre svin. Purker og ungpurker kan likevel haldast i fødebingar utan å kunne sjå andre svin.

Lysintensiteten i opphaldsrom for svin skal være minst 75 lux i minst 8 timar per dag.

§ 35 Spaltegolv for svin

Spalteplankane og spaltene skal oppfylle måla i denne tabellen:

Bingetyper og materiale	Breidda på spalteplankane	Breidda på spaltene
Fødebingar		
- plastspalteplankar	10 – 16 mm	10 – 12 mm
- metallspalteplankar	10 – 30 mm	10 – 12 mm
- betongspalteplankar	30 – 50 mm	10 – 14 mm
Bingar til smågris		
- plast- og metallspalteplankar	10 – 16 mm	10 – 12 mm
- betongspalteplankar	30 – 50 mm	10 – 14 mm
Bingar til slaktegris, ungpurker og drektige purker		
- plast- og metallspalteplankar	10 – 12 mm	10 – 12 mm
- betongspalteplankar	minst 80 mm	maksimalt 20 mm

I fødebingar skal spaltegolv med spalter som er breiare enn 10 millimeter, dekkast til i tida kring fødsel.

§ 36 Purker og ungpurker

Purker og ungpurker skal haldast i grupper i perioden frå seinast 28 dagar etter paring til 7 dagar før forventa fødsel. Dette gjeld ikkje i dyrehald med færre enn 10 slike dyr. Dyra skal reingjerast før dei plasserast i fødebingane.

Bingane for ungpurker skal minst oppfylle måla i denne tabellen:

Talet på dyr i bingen	Fritt areal for kvart dyr	Liggeareal for kvart dyr	Kortaste side	Troplass for kvart dyr
1	3,0 m ²	2,25 m ²	1,5 m	0,35 m
2 – 5	1,8 m ²	1,1 m ²	2,25 m	0,35 m
6 – 40	1,65 m ²	1,0 m ²	2,4 m	0,35 m
Over 40	1,5 m ²	0,9 m ²	2,8 m	0,35 m

Bingane for purker skal minst oppfylle måla i denne tabellen:

Talet på dyr i bingen	Fritt areal for kvart dyr	Liggeareal for kvart dyr	Kortaste side	Troplass for kvart dyr
1	3,0 m ²	2,25 m ²	1,5 m	0,45 m
2 – 5	2,5 m ²	1,4 m ²	2,4 m	0,45 m
6 – 10	2,25 m ²	1,3 m ²	2,8 m	0,45 m

11 – 40	2,25 m ²	1,2 m ²	2,8 m	0,45 m
Over 40	2,0 m ²	1,1 m ²	2,8 m	0,45 m

Gangen bak fôringsbåsan skal vere minst 2 meter brei. Fôringsbåsar som er smalare enn 70 centimeter, reknast ikkje som fritt areal.

§ 37 Fødebingar for svin

I fødebingen skal purka eller ungpurka ha eit fritt areal som er minst 6 kvadratmeter stort og minst 1,8 meter breitt.

Dersom det er fikseringsbås i fødebingen, skal båsen vere tilpassa storleiken på purka. Båsen skal vere minst 2 meter lang målt innvendig frå bakkanten av troa og minst 80 centimeter brei. Det skal vere eit ope område bak purka eller ungpurka som er stort nok til at ungane kan fødst utan hindringar og til å utføre fødselshjelp.

I tillegg til å oppfylle § 14 skal golvet på liggeplassen i fødebingen alltid vere heilt dekt av strø. I tida kring fødselen og dei første 4 dagane etter skal det brukast ekstra mykje strø. Frå 3 dagar før forventa fødsel skal purka ha fri-tilgang på nok høy, halm eller anna eigna materiale til å bygge reir av.

Spedgrisane skal ha tilgang til eit eige liggeområde i fødebingen der dei er beskytta mot purka. Dei skal ha god plass til å die.

§ 38 Smågrisar, slaktegrisar og avlsgrisar

Dyreholdaren skal gjere det som er nødvendig for å hindre slagsmål utover normal åtferd. Avvente smågrisar, slaktegrisar og avlsgrisar skal haldast i stabile grupper og ikkje flyttast meir enn nødvendigså lite som mogleg. Svin frå ulike grupper skal ikkje blandast utan at det er nødvendig, og berre i særlege tilfelle seinare enn 7 dagar etter avvenning. dersom det er mogleg å unngå det, og ikkje seinare enn 7 dagar etter avvenning. Dersom svin frå ulike grupper blandast, skal dei ha tilstrekkeleg høve til å kome seg unna kvarandre.

Ved teikn til alvorlege slagsmål skal dyreholdaren straks finne årsakene og gjere det som er nødvendig for å hindre slike slagsmål.

Avvente smågrisar, slaktegrisar og avlsgrisar skal ha eit fritt areal for kvar gris på minst

- a) 0,15 m² for grisar under 10 kg
- b) 0,20 m² for grisar mellom 10 og 20 kg
- c) 0,35 m² for grisar mellom 21 og 30 kg
- d) 0,50 m² for grisar mellom 31 og 50 kg
- e) 0,65 m² for grisar mellom 51 og 85 kg
- f) 0,80 m² for grisar mellom 86 og 110 kg
- g) 1,00 m² for grisar over 110 kg.

§ 39 Rånebingar

Rånebingar skal ha eit fritt areal på minst 6 kvadratmeter for kvar råne. Dersom bingen òg skal brukast til naturleg paring, skal han vere utan hindringar og ha eit fritt areal på minst 10 kvadratmeter for kvar råne.

§ 40 Hald av svin på uteområde

Svin som haldast på uteområde, skal ha tilgang til gjørmebad eller ha andre høve til å kjøle seg ned når vêret er varmt. Dyra skal ha tilgang til opphaldsrom heile året. Det skal sikrast at dyra ikkje blir solbrente eller får frostskeidar. Dyr som skal føde, skal ha tilgang til opphaldsrom med fødebingar som oppfyller krava i § 37.

§ 41 Fôring av svin

Spedgrisar kan tidlegast vennast av å die naturleg når dei er 28 dagar gamle. Dei kan vennast av tidlegare dersom ein veterinær meiner at det er medisinsk nødvendig. Spedgrisar kan få mjølk med hjelp av automatisk utstyr eller på anna vis berre når dei ikkje får nok mjølk

frådet ikkje er mogleg å la dei die purka. Dyrehaldaren skal grunngi automatisk mjølkeføring skriftleg i velferdsdokumentasjonen etter § 8.

Svin som ikkje lenger diar, skal fôrast minst 2 gonger i døgnet. Dersom dyra fôrast individuelt med hjelp av datastyrt automatisk utstyr, skal alle dyra kunne ete døgnrasjonane sine i løpet av 12 timar.

Purker, ungpurker, slaktegrisar, avlsgrisar og rånar skal ha så mykje høy eller anna fôr med høgt fiberinnhald at dei kan kjenne seg mette og få dekt behovet for tygging.

§ 42 Aktivitets- og rotmateriale

Svin skal i tillegg til strø alltid ha tilstrekkeleg mengde eigna materiale som dekker behovet dyra har for å tygge, undersøke, rote og vere i aktivitet. Materiala skal vere reine og ikkje vere farlege for helsa og velferda til dyra. Minst eitt av materiala skal kunne deformerast og etast.

§ 43 Fiksering av purker

I tillegg til å bli fikserte når det er nødvendig etter § 26, kan purker fikserast frå ungane føddast til dei er 72 timar gamle. Dette gjeld berre purker som er så nervøse eller aggressive i samband med fødselen at dei kan skade personellet eller grisungane. Fikseringa skal ikkje vare lenger enn nødvendigere så kortvarig som mogleg. Purka skal ikkje bindast.

§ 44 Veterinærvurdering og velferdsprogram for slaktegris

Dyrehaldarar som leverer meir enn 10 slaktegrisar til slakt i året, skal sikre at velferda for slaktegrisane i dyrehaldet blir vurdert av ein veterinær minst 1 gong i året. Dyrehaldaren skal oppbevare ei skriftleg utgåve av vurderinga etter krava i § 8.

Dyrehaldarar som leverer meir enn 750 slaktegrisar til slakt i året, skal vere med i eit dyrevelferdsprogram som er anerkjent av Mattilsynet. Programmet skal som minimum stille krav om

- a) kompetanse, velferdsplan og velferdsdokumentasjon som oppfyller krava i § 6, § 7 og § 8
- b) avtale med veterinær som skal vurdere og gi råd om velferda for slaktegrisane minst 2 gonger i året
- c) avtale med KSL om ekstern og intern revisjon
- d) konkrete, pålitelege, målbare og viktige velferdsteikn hos dyra
- e) registrering av all sjukdom, skade og tap av gris
- f) tiltak for å korrigere årsaken til avvik frå krava etter bokstavane d og e
- g) utelukking av dyrehaldarar frå programmet ved alvorlege eller gjentatte avvik frå programmet
- h) melding til Mattilsynet om dyrehaldarar som er utelukka.

§ 45 Inngrep på svin

I tillegg til inngrep etter § 27 kan veterinærar

- a) kastre hanngrisar som er 28 dagar eller yngre
- b) utan å bedøve og smertebehandle dyra ta vevsprøve frå øyrelappen på svin dersom prøva skal brukast av ein avlsorganisasjon.

Kompetente personar kan utan å bedøve og smertebehandle dyra

- a) file tenner på smågris som er 7 dagar eller yngre
- b) redusere lengda på hjørnetenner hos rånar dersom det er nødvendig for å sikre tryggleiken til folk og dyr.

Inngrepa i tennene skal gjerast med eit eigna reiskap og gi ei jamn tannflate utan opning til tannkanalen.

Kapittel VII. Spesielle reglar for sauer og geiter

§ 46 Opphaldsrom for sauer og geiter

Dyr som føder i fellesbingar, skal kunne skjerme seg og avkommet sitt frå dei andre dyra.

Opphaldsrom for geiter skal vere innreidde slik at dyra kan utføre variert aktivitet. Geiter kan ligge over kvarandre på tette liggehyller.

Kravet i § 14 om mjukt underlag på liggeplassen gjeld ikkje for sauer og geiter i isolerte bygningar. Lam og kje som er yngre enn 5 dagar, skal ha tett underlag på liggeplassen.

For sauer og geiter er det tilstrekkeleg at omsorgsbingar etter § 15 kan settast opp på kort tid.

Kravet i § 12 om 2 utgangar gjeld ikkje opphaldsrom som har vore i samanhengande bruk til sau eller geit sidan før 1. mars 2005.

§ 47 Mosjon og beite for sauer og geiter

Sauer og geiter skal haldast på eller ha tilgang til uteområde i til saman minst 112 heile døgn i løpet av den normale beitesesongen. Dyr som blir tatt inn for å mjølkast, kan likevel haldast inne til neste mjølkning. Uteområdet skal i tillegg til å oppfylle § 22 gi dyra høve til å mosjonere, beite og utføre anna naturleg åtferd.

Før dyra blir sleppte og medan dei er på utmarksbeite, skal dyrehaldaren sikre at dyra er eigna, og at

- a) dei har god helse og er i forsvarleg hald
- b) mødrene ikkje har fleire lam eller kje enn dei er i stand til å ta vare på
- c) lamma og kjea er saman med mora og er i god stand til å halde følge med henne
- d) lam og kje med mødre med dårleg mjølkeproduksjon er eldre enn 42 dagar og tar til seg nok fôr for normal utvikling og vekst
- e) morlause lam og kje er eldre enn 56 dagar, er i følge med vaksne dyr og tar til seg nok fôr til å sikre normal utvikling og vekst
- f) lam og kje som blir morlause på utmarksbeite, blir tatt heim dersom det er nødvendig for å unngå dårleg dyrevelferd.

§ 48 Hald av sauer og geiter utan opphaldsrom utanom beiteperioden

Mattilsynet kan etter søknad gje dyrehaldaren løyve til å halde sauer og geiter på uteområde utan tilgang til opphaldsrom utanom den normale beiteperioden. Slikt løyve kan bli gitt dersom uteområdet er eigna for hald av dyr etter § 22, og

- a) dyra er av rasar som er eigna til å haldast slik
- b) vegetasjonen og vasstilgangen i området normalt gir dyra tilstrekkeleg fôr og drikkevatt heile året
- c) terrenget, vegetasjonen eller innretningar gir dyra tilstrekkeleg vern mot vêr og vind
- d) klimaet og topografien i området ikkje utset dyra for unødige påkjenningar og ikkje hindrar dyrehaldaren i å føre nødvendig tilsyn med dyra
- e) dyra er så tamme at dei kan samlast
- f) dyrehaldaren har tilstrekkeleg kompetanse om slikt hald av dyrearten
- g) det er sett opp ei hegn i området som gjer det mogleg å samle dyra.

Dyrehaldaren skal ha skriftlege rutinar for å

- a) gi dyra nødvendig tilsyn
- b) sikre at dyra får nødfôr og vatn i tilfelle som nemnd i § 24 sjette ledd
- c) samle alle dyra ein gong om våren og ein gong om hausten, og elles når det er nødvendig for å vareta dyrevelferda
- d) tidfeste når dyra skal parast eller inseminerast slik at fødsel skjer når beite- og klimaforholda er gunstige.

Søknaden skal oppfylle § 5 og i tillegg innehalde nødvendige opplysningar om

- a) kor uteområdet ligg
- b) kor stort uteområdet er

- c) kor mange dyr som skal haldast
 - d) kva for raser dyra tilhøyrer
 - e) andre nødvendige opplysningar om forhold som er nemnde i første ledd og i § 22.
- Søknaden skal også innehalde dei skriftlege rutinane som det er krav om i andre ledd.

Dersom Mattilsynet har bedt om det, skal dyrehaldaren varsle Mattilsynet før han skal sjå til dyra. Dyrehaldaren skal i slike tilfelle legge til rette for at Mattilsynet kan gjennomføre tilsyn.

§ 49 *Bruk av gjetarhund*

Gjetarhundar skal trenast og brukast slik at sauene og geitene ikkje blir skadde eller unødig stressa. ~~Hundene skal så langt det er mogleg, trenast på sauer eller geiter som er vande med gjetarhund.~~

§ 50 *Fôring av lam og kje*

Lam og kje skal fôrast ofte nok til at dei får god velferd og normal utvikling, og minst 3 gonger i døgnet så lenge dei får mjølk. Lam og kje skal frå dei er 7 dagar gamle få nok grovfôr til å utvikle drøvtyggarfunksjonen.

Lam og kje som ikkje diar, skal kunne sugе i seg mjølka i naturleg diestilling.

§ 51 *Klipping*

Sauer og ullgeiter skal klippast eller nappast ved behov og minst 1 gong i året, uansett før dei blir sleppte på utmarksbeite og seinast 1. juli.

§ 52 *Isolering av vêrar og bukkar*

Vêrar og bukkar kan skiljast frå dei andre dyra i paringssesongen dersom det er nødvendig for å unngå uønska paring eller påkjenningar for dyra. Vêren eller bukken kan bindast, men berre dersom det ikkje er lett å skilje dyra på andre måtar.

§ 53 *Inngrep på sau og geit*

I tillegg til inngrep etter § 27 kan veterinærar

- a) kastre hanndyr av sau og geit før dyra er 42 dagar gamle dersom det er nødvendig for å kunne sende dyret på beite
- b) fjerne horn på kje som er 28 dagar eller yngre.

Kapittel VIII. Administrative reglar

§ 54 *Innførsel av storfe og svin frå land utanfor EØS*

Storfe og svin som blir innførte frå land utanfor EØS, skal følgast av eit offentleg sertifikat som dokumenterer at dyra har blitt handtert og haldne i samsvar direktiv 2008/119 om minstekrav til vern av kalvar og direktiv 2008/120/EF om minstekrav til vern av svin.

§ 55 *Tilsyn og enkeltvedtak*

Mattilsynet fører tilsyn og kan fatte nødvendige enkeltvedtak for å handheve reglane gitt i eller med heimel i denne forskrifta.

§ 56 *Dispensasjon*

Mattilsynet kan i særlege tilfelle dispensere frå reglar i denne forskrifta og sette vilkår for dispensasjonen. Mattilsynet kan ikkje dispensere dersom det strir mot EØS-avtalen eller andre internasjonale plikter.

§ 57 *Straff*

Brot på reglane i denne forskrifta eller i enkeltvedtak gitt i medhald av forskrifta er straffbart etter dyrevelferdsloven § 37.

Kapittel IX. Avsluttande reglar

§ 58 *Iverksetting og oppheving*

Denne forskrifta blir sett i verk (dato). Samtidig opphevast forskrift 20. november 1976 nr. 1 om å fjerne horn på dyr, forskrift 20. november 1976 nr. 2 om unntak frå plikten til sørge for oppholdsrom for dyr, forskrift 18. februar 2003 nr. 175 om hold av svin, forskrift 22. april 2004 nr. 665 om hold av storfe og forskrift 18. februar 2005 nr. 160 om velferd for småfe.

Dispensasjonar frå dei forskriftene som blir oppheva, gjeld ikkje lenger enn (dato).